



Fylkesmannen i Vestland

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vår dato: 24.02.2020
Dykkar dato: 06.02.2020
Vår ref: 2019/19969
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2166

Klage - Masfjorden - 14/10 - Træet 23 - oppføring av husbåt - forlenging flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå Masfjorden kommune av 06.02.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8 - Forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag og byggteknisk forskrift (TEK 17) for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge på Gbnr. 14/10 og 14/85. Eigedomen er i kommuneplanens arealdel satt av til LNF-areal med spreidd næring på land og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i sjø.

Fylkesmannen finn det naudsynt å klage på Masfjorden kommune sitt vedtak i formannskapet av 03.02.2020 i sak 003/2020 om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge på Gbnr. 14/10 og 14/85.

I kommunen sitt vedtak heiter det:

«Formannskapet kan ikkje sjå at det er vesentlege negative konsekvensar knytt til omsyn som det vert vist til i saksutgreiinga, då omsøkt område allereide i dag har utbygd kaianlegg og søknaden er ei utviding av eksisterande kaianlegg samt plassering av husbåt i tilknytning til dette kaianlegget. Tiltaket ligg og i nærleiken av naustet og bryggeareal i Hostelandsosen og ikkje i omsynsområder som t.d. Herøyosen slik det vert vist til i utgreiinga.»

Etter ei samla vurdering meiner Masfjorden kommune at fordelene ved å gje dispensasjon er større enn ulempene. Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.»

Fylkesmannen sin merknader

Når det gjeld grunngjeving vil vi trekke fram følgjande tilhøve:

Om grunnlaget for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2

Med heimel i pbl. § 19-2 kan kommunen dispensere frå føresegne som er gjevne i medhald av lova. Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak det føremålet området er avsett til i gjeldande arealplan, omsyna i føremålsføresegne i lova, eller reglane det er søkt om dispensasjon frå, vert vesentleg sette til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Vilkåra i pbl. § 19-2 er rettslege vurderingstema, ikkje eit kommunalt skjønn.



Det aktuelle området er i kommuneplanens arealdel satt av til LNF-areal med spreidd næring på land og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i sjø. I områder med bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone er føremålet fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdsle, farleier og fiske, kvar for seg eller i kombinasjon, jf. plan- og bygningslova § 11-7 nr 6. I desse områda er det jf. føresegner i kommuneplanen for Masfjorden ikkje tillate å føre opp flytebrygger og kaianlegg.

Ved dispensasjon skal kommunen legge særleg vekt på regionale statlege rammer og mål. Fylkesmannen rådde i brev av 07.11.2019 i frå at det vart gjeve dispensasjon, i hovudsak på grunn av manglande samsvar med arealbruken i overordna plan, og uheldig verknader for natur og friluftsliv. Vi frykta vidare at ein dispensasjon i dette høvet ville gje ein uheldig presedensskapande verknad. Kommunen bør ikkje gje dispensasjon dersom statleg eller regional myndighet har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd.

Om verknadene av tiltaket

Fylkesmannen meiner dispensasjonsvedtaket strir mot overordna plan og bryt med nasjonale føresetnader for arealpolitikken innanfor ansvarsområda våre. Hovudregelen er at løyve til tiltak må ha heimel i plan. Vi minner om verknadane av kommuneplanen, slik dei går fram av pbl. § 11-6:

- *Tiltak etter § 1-6 må ikke være i strid med planens arealformål og generelle bestemmelser, samt bestemmelser knyttet til arealformål og hensynssoner.*
- *Der det ikke gjelder eller er stilt krav om reguleringsplan, jf. § 12-1 andre ledd, skal kommuneplanens arealdel følges ved avgjørelse av søknad om tillatelse eller ved foreståelsen av tiltak etter reglene i §§ 20-2 til 20-5.*

Omsøkte tiltak ligg i eit område som i kommuneplanen ikkje legg til rette for næringsverksemde eller flytebryggjer på sjøen. Omsynet bak føremålet i kommuneplanen vert forsterka av at tiltaket ligg ved det regionale friluftsområdet Herøyosen, som er registrert som viktig friluftsområde. Tiltaket vil påverke landskapsverdiar i dette området negativt. Vi viser til uttalen vår av 07.11.2019:

«Fylkesmannen forstår at tiltakshavar ønsker å utvide næringsverksemda gjennom å etablere fleire moglegheiter for utleige av overnattingsstad og båtar. I dette høvet er likevel føresegna i kommuneplanens arealdel klar på at i områder som er satt av til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» er det ikkje tillate å føre opp flytebrygger og kaianlegg. Føremålet er fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdsle, farleier og fiske, kvar for seg eller i kombinasjon. Det er soleis heller ikkje opning for at ein kan etablere ein ordning med husbåt for overnatting. Denne farkosten må reknast som ein permanent forankra konstruksjon, då den berre flyttast for opplag om vinteren.

Omsøkte tiltak ligg innanfor det regionale friluftsområdet Herøyosen, som er registrert som viktig friluftsområde. Tiltaka vil slik vi ser det påverke natur, landskap og moglegheit for friluftsliv på ein negativ måte. Vi meiner difor det vil være uheldig å gje dispensasjon til desse tiltaka.

Vi fryktar vidare at ein dispensasjon i dette høvet vil gje ein uheldig presedensskapande verknad.»

Det går fram av saksutgreiinga og innstilling til vedtak at rådmannen framleis er negativ til dispensasjonen:



Administrasjonen vil i samband med denne klagen nemne eit moment som talar for å gjeve dispensasjon:

- *Tiltaket vil bidra til å byggje opp og vidareutvikla lokal verksemd.*

På den andre sida har ein fylgjande moment for å avslå dispensasjonen:

- *Tiltaket ligg i område avsatt til «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» der det ikkje er tillate å føre opp flytebrygger og kaianlegg. Føremålet er fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdsle, farleie og fiske, kvar for seg eller i kombinasjon.*
- *Tiltaka vil påverke natur, landskap og moglegheit for friluftsliv på ein negativ måte*
- *Tiltaket ligg i den funksjonelle strandsona. Den funksjonelle strandsona er definert med grunnlag i biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturmiljø, fiske og akvakultur, forureining og bygningar i strandsona.*
- *Regional styresmakt har uttalt seg negativ til søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd.*
- *Dispensasjon i dette høve kan skape ein uheldig presedenskapande verknad.*

Fylkesmannen legg same vurderingane til grunn. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag eller heimel for å gje dispensasjon slik det er søkt om. Vi meiner at konsekvensane av å dispensere frå føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» i kommuneplanen i dette høvet set omsyna som plan- og bygningslova skal ivareta vesentleg til side. Vedtaket om dispensasjon vil kunne undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen. Vi kan helle ikkje sjå fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene. Faren for å kunne skape ein uheldig presedens i dette område og elles i kommunen vurderast som stor.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at konsekvensane av å dispensere frå føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» i kommuneplanen, set omsyna som plan- og bygningslova skal ivareta vesentleg til side. Vi kan heller ikkje sjå at fordelane ved ein dispensasjon er større enn ulempene. Dispensasjonen oppfyller dermed ikkje vilkåra for å kunne gje dispensasjon etter pbl. § 19-2 andre ledd.

Fylkesmannen klagar på Masfjorden kommune sitt vedtak i formannskapet av 03.02.2020 i sak 003/2020 om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge på Gbnr. 14/10 og 14/85.

Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje, skal saka sendast til Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil deretter sende saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann som fattar endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Side: 4/4